

# Erasmus+ jobbskugging og observasjonsrapport Reykjavik

15.-20.oktober 2023



Vestland  
fylkeskommune

# Innhald

<b>Program .....</b>	<b>3</b>
<b>Reykjavík bibliotek, avdeling Grófin .....</b>	<b>4</b>
Korte fakta om Reykjavíkbiblioteka.....	6
Nytt bibliotek, planar og prosess .....	7
«Vitavegur».....	8
Kommunikasjon og marknadsføring .....	10
<b>Reykjavík bibliotek, avdeling Gerðuberg .....</b>	<b>11</b>
Udstillingsprosjekt .....	12
Arrangement for barn og ungdom .....	14
Lestrar hakk – for tenåringane.....	15
<b>Hafnarfjörður bibliotek.....</b>	<b>16</b>
Det folk treng.....	17
Samarbeid med aktørar i lokalmiljøet .....	18

# Program

**Måndag 16. oktober : Reykjavík bibliotek, avdeling Grófin.**

**Tysdag 17. oktober : Reykjavík bibliotek, avdeling Gerðuberg.**

**Onsdag 18. oktober : Hafnarfjörður bibliotek**

Seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune har fått støtte fra Erasmus+ mobilitetsprosjekt for vaksenopplæring. Det har gjort det mogleg å ta med bibliotektilsette i Vestland på jobbskugging i bibliotek i Reykjavík hausten 2023.

Vi har besøkt nyskapande bibliotek og lært om nye arbeidsmetodar, og om samarbeid mellom bibliotek og andre institusjonar.

At mange får reise ut og lære av andre bibliotek, har utan tvil ringverknader på utviklinga av folkebiblioteka i Vestland.

Deltakarar:

Frå Bergen offentlege bibliotek: Joanna Pacula, Kristi Guldberg, Lene Heiestad og Cathrine Dagestad Eikeland. Frå andre bibliotek i Vestland fylke: Ingrid Leithaug Mjanger, Bømlo bibliotek, Runa Nordahl, Stord kommune, Lene Rauland, Voss herad, og Tamara Sortland, Vågsøy bibliotek. Frå Vestland fylkeskommune: Sigrid Furnes og Anne Haugen Pihl.

# Reykjavik bibliotek, avdeling Grófin.

Referantar: Joanna, Ingrid, Kristi og Lene H.

Grófin er både det største og mest sentrale av alle biblioteka i Reykjavik. Vi kunne nok kalle det "hovudbiblioteket", men tilsette fortalte at slike skilje ikkje blir brukte i Reykjavik. Biblioteket ligg i eit bygg som blir delt med mellom anna Reykjavik arkiv. Biblioteket har tre etasjar av bygningen, og disponerer i tillegg ein etasje som er kontor for bibliotektilsette.

Førsteinntrykket er at biblioteket er ope og hyppig brukt av lokalbefolkinga. Det tilbyr innovative tenester og er oppteke av kommunikasjonen med lånarar.

I første etasje er det til dømes eit bokstativ, der lånarar blir oppmoda til å setje opp bøker som dei vil anbefale.



Var boka god? Foto: Lene Heiestad

Biblioteket er oppteke av berekraft og gjenbruk. Mange av bokstativa er produserte av resirkulert plast som har blitt samla inn i konteinarar på biblioteket.



Måleri til utlån på Grófin bibliotek. Foto: Tamara Sortland

Ei ulempe med dette biblioteket er at det ikkje er tilgjengelege møterom som brukarar kan bestille. Nokre gonger blir det løyst slik at brukarar får tilgang til tilsetteetasjen. Denne løysinga er langt frå ideell, men blir sannsynlegvis betre når det nye biblioteket er opna.

Vi observerte at dette biblioteket, til liks med dei andre biblioteka vi besøkte, er gode på samarbeid med eksterne organisasjonar. Dei satsar også i stor grad på eigne ferdigheter og talent blant dei tilsette, dei gjer veldig mykje sjølv. Alt frå møbelsnikring og marknadsføring til gjennomføring av arrangement får dei til på eige hand. Dette kjem mellom anna av at magrare kulturbudsjett krev kutt i bibliotekdrifta, men det er også eit utslag av brei kompetanse blant dei tilsette, i tillegg til tradisjonelle bibliotekarar.

Den store utfordringa i det sentrale biblioteket i Reykjavik er tilbod til dei heimløyse, rusavhengige og dei som har mental helseutfordringar. Tilsette saknar verktøy til å hjelpe desse brukarane på ein tilstrekkeleg måte og ønsker seg betre samarbeid med andre avdelingar i byen.

Inntrykket av at Grófin set brukarar i sentrum gjennomsyrar heile biblioteket. På musikkavdelinga kan ein fritt høre på musikk og slappe av i trivelege kroker. Det er fleire komfortable område for dei som føretrekker stillelesing.

Ein av fleire innovative tenester som biblioteket tilbyr, er utleie av kunstverk. Dette er eit samarbeid med den islandske kunstforeininga. Brukarar kan leige kunstverk for eit månadleg abonnement. Dette abonnementet fungerer også som treårleg nedbetaling for kunstverket.



Biblioteksjef Barbara Helga Guðnadóttir tok imot oss. Foto: Anne Pihl

Andre tilbod på biblioteket som gjerne kan kopierast til bibliotek i Vestland:



Piano til fri bruk. Foto: Lene Rauland

- eit el-piano med høyreklokker, svært mykje i bruk. Særleg populært blant heimlause, pluss studentar på lesesalen som treng ein pause.
- eit Podcast-studio som stort sett alltid er bestilt.
- Gefðu það áfram - utlånsskap med verktøy og hobbyutstyr; symaskiner, telt og anna. Dette er noko vi så på alle biblioteka – utlånsstasjonar oppretta i samarbeid med ein frivillig organisasjon.




Gefðu það áfram, Gi det vidare. Foto: Anne Pihl (venstre) og Ingrid Leithaug Mjanger (høgre)

## Korte fakta om Reykjavikbiblioteka

- Åtte avdelingar, med til saman 700 000 utlån i året.
- 400 000 einingar til utlån – dei jobbar for tida med å redusere samlinga.
- Om lag 600 000 besök i året, mest på avdelingane Grófin og Kringlan kjøpesenter.
- Rundt 350 årlege arrangement, utanom forteljarstunder og klassebesök.

## Nytt bibliotek, planar og prosess



Gudrun Lilja Gunnlaugsdottir beskriver prosessen fram mot nytt bibliotek. Foto: Kristi Guldberg.

"Future Vision and competition for the reconstruction of the Central branch of Reykjavík City Library"  
– Gudrun Lilja Gunnlaugsdottir gav oss ein presentasjon av medverknads- og designprosessen som skal leia fram mot revitaliseringa av hovudbibliotek i Reykjavik. Ho er utdanna designar, leiar kommunikasjons- og innovasjonsavdelinga på biblioteket, og har leia prosessen med å hente inn innspel frå tilsette og publikum for å gjere biblioteket meir publikumsvennleg.

Dei gjennomførte ein todagars «Think Thank» i forkant av arkitektkonkurransen, og biblioteket brukte den anerkjende arkitekten og bibliotekrådgivaren Aat Vos som konsulent for sjølve konkurransen.

Vinnarforslaget var «Vitavegur» med eit designteam sett saman av ulike arkitektbyrå og designarar: Design Team Jvst, Inside Outside, Hanratharchitect, Kreativa.

Forslaget tek utgangspunkt i ei oppdagingsrute som leier publikum gjennom bygget. Ordet Vitavegur betyr både kunnskapsvegen og fyr/lyshus.

## «Vitavegur»

- Biblioteket vil få tre inngangar og fungere som eit innandørs torg.
- Det er høg grad av gjenbruk i materiale.
- All handtering av bøker er lagt til første etasje for effektivitet.
- Ei glasbru vil gå over til kunstmuseet i nabobygget.
- Bygget skal bli opna opp slik at det skal komme inn meir lys.
- På toppen av huset blir det kafé, eit drivhus og auditorium med vakker utsikt.
- Biblioteket vil bli det første bygget i Reykjavik med Breeam miljø- sertifisering (eit verktøy for å måle, forbetre og dokumentere miljøprestasjonar og helsefremjande kvalitetar i eksisterande bygg).



Drodling rundt nytt bibliotek. Fra Instagramkonto borgarbokasafn

Det spesielle med designprosessen er at dei laga ein prekontrakt med arkitektfirmaet, og deretter gjennomført omfattande verkstadar der publikum fekk kommentere forslaget, diskutere og gi innspel direkte til designteamet.

100 deltakrar har bidrøge med tilbakemeldingar - tilsette, publikum og interessentar. Dette har gitt designarane høve til å forbetre utkastet fortløpende, ein rimelegare og mindre tidkrevjande prosess enn å måtte endre på detaljar når bygginga av biblioteket er i gang, eller å oppdage at utforminga ikkje fungerer etter at bygget er teke i bruk.




Bibliotek-modellen – bilder henta fra Facebooksiden Borgarbókasafnið

I det vidare arbeidet vektlegg biblioteket ein struktur som jobbar nedanfrå og opp. Dei har marknadsført det nye biblioteket med ein signurfarge (rosa), noko som gjer planane gjenkjennelege for publikum.

Det er laga ein fysisk modell av bygningen, der hovudtrappa er rosa. Modellen blei vist fram i samband med eit arrangement under designfestivalen DesignMarch våren 2023, og arbeidslaget som har jobba med modellen var kledd i rosa kjeledressar under presentasjonen.

Dei håpar å kunne opne det nye biblioteket i 2029.

## Kommunikasjon og marknadsføring



Ei morosam bilderekke i samband med bibliotekets hundreårsjubileum: kvardagsliv i biblioteket si lange historie. Skjermdump fra Facebookgruppa til Reykjavíkbiblioteka.

Kommunikasjonsteamet har møte tidleg i kvar veke og legg ein marknadsføringsplan. Tilsette på ulike avdelingar kan sjølv poste innhald på sosiale media.

Sjølv om publikum spør etter fysiske katalogar om arrangementa, har dei slutta å trykke dei, med tanke på berekraft. På nettsida har dei eigne skjema for innkjøpsønske og eigne skjema for folk som ønsker å ha utstilling på biblioteket. Dei marknadsfører ikkje aktivitetar som ikkje blir arrangert av dei.

Biblioteket har ingen eigen app, men ei funksjonell nettside der brukarane kan låne, fornye lån og betale gebyr. Dei bruker ei Open Source webløysing, og det er ulik signaturfarge på bibliotekavdelingane sine landingssider. Alle tilsette har tilgang til å legge ut info

Det er ingen bokomtalar eller tekstar frå bokomslag på nettsida, berre eit par setningar om innhaldet i bøkene. Sidene er tospråklege (engelsk og islandsk). I tillegg er noko informasjon på polsk (polakkar er den største innvandrargruppa på Island)

Vi blei overraska over å høre at det kostar pengar å bruke biblioteket. Medlemsavgifta ein må betale for å kunna låne på biblioteket er 2700 islandske kroner årleg (aldersgruppe 18 til 67). Barn under 17 og vaksne frå 68 år låner gratis. Alle arrangementa på biblioteket er gratis.

# Reykjavik bibliotek, avdeling Gerðuberg

Referantar: Lene R, Tamara, Runa og Anne



Fleirspråkleg på Gerðuberg. Foto: Lene Rauland

Gerðuberg er eit bibliotek i ein forstad til Reykjavik, med om lag 20 000 innbyggjarar. Bydelen er eit multikulturelt område, der det blir snakka rundt 100 ulike språk. Det er 10 tilsette ved biblioteket, fem av dei jobbar heiltid. Dei tilsette vi treft var opptekne av at biblioteket skulle være ein "praktisk stad" - ein stad du kan få hjelp med praktiske behov - låne kjøkkenutstyr, verktøy, bytte kler og liknande. Denne tankegangen hadde dei til felles med dei to andre biblioteka vi besøkte.


Biblioteket flytta inn i bygget dei er i no i 1986, og i 2015 ble det slått saman med eit kulturhus som heldt til i same bygning. På grunn av dette har dei tilgang til romslege utstillingsareal, og med fleire kunstnarar blant de tilsette kan dei organisere store visningar.

Dessverre var det inga utstilling da vi var der, men vi fekk ei god innføring om korleis dei hadde gått fram for å organisere eit par store prosjekt dei hadde hatt i 2021-2022.

## Utstillingsprosjekt

Utstillingsprosjektet dei var særleg stolte av, var ei slags escape room/gaming-oppleving der dei hadde fylt heile første etasje med bøker. Mellom bøkene laga dei ei skattejakt, som var skrive saman med den islandske forfattaren Ævar Thor Benediktsson. Han har utgitt ein bestseljande bokserie med tema 'Ditt eige mysterium' frå ulike miljø og samanhengar, med skjulte hint og alternative avslutningar.

Handlinga kan til dømes vere relatert til ei eventyrforteljing, den kan vere lagt til havbotnen, som ei tidsreise, eller som i dette høvet, ei interaktiv utstilling i bibliotekrommet.



Ditt eige bibliotekmysterium. Plakat og bilde er henta frå bibliotekets nettsider.

I utstillinga hadde dei fylt ein heil etasje med store mengder gamle bøker. Bøkene var anten kasserte frå biblioteket si eige samling, eller dei var donerte til prosjektet.

Eventyrfigarar, skapningar frå andre dimensjonar og skumle spøkelse tok over romma, og mellom bøkene skjulte det seg mystiske spor som dei besøkande måtte resonnere seg fram til.

Opplevinga var bygd opp rundt tre gåter: eventyr-gåta, kunnskaps-gåta og skrekk-gåta, og ein måtte tinga tid for å få tilgang.

Samarbeidet med forfattaren, planlegging og rigginga av utstillinga tok meir enn seks månader, og det gjekk med mange arbeidstimar. Utstillinga stod i eit halvt år, til og med april 2022, og var svært populær.

Då utstillinga var laga spesielt for dette biblioteket, kunne den dessverre ikkje brukast andre stader, og alle bøkene blei kasta. Men i etterkant har det vore mykje interesse rundt prosjektet og arbeidsmetoden, og nokre element har andre kunne kopiere, som for eksempel ein fin liten detalj som kikhol i bøker, med små magiske løyndomar inni.



*Kikhol inn i boka. Bilde fra bibliotekets nettside.*



Vigdis Finnbogadóttir, verdas første kvinnelege president. I utstillinga fekk ein kjensle av å gå inn i boka og på besøk til Vigdis. Utstillinga nyttar seg av veggane til teikningar og illustrasjonar, i tillegg til spesialframstilte installasjoner.

Utstillinga "Heimsókn til Vigdisar" (på besøk til Vigdis), laga under korona-nedstenginga, bygde på ei bildebok om



*Heimsókn til Vigdísar - utstilling i 2021.*

*Bilde fra Facebooksiden Borgarbókasafnið*

Biblioteket hadde fleire arrangement i samband med utstillinga, blant anna kurs der barna fekk lage si eiga bokframside. Illustrasjonar knytt til utstillinga dukka også opp i nærområdet til biblioteket.

Denne type prosjekt krev mykje av personalet, så i etterkant har biblioteket berre hatt mindre utstillingar. Den neste utstillinga opna like etter besøket vårt, litt seinare i oktober, så den fikk vi også berre høre om. Dette er kunstutstillinga «See Your Beauty», den første separatutstillinga til kunstnaren Kristín Ómarsdóttir. Ho er i tillegg til å vere kunstnar, forfattar, poet og dramatikar. Utstillinga er opptakt til eit forfattersymposium om Ómarsdóttirs verk i slutten av oktober.

## Arrangement for barn og ungdom

Gerðuberg har mange arrangement for barn og ungdom, fleire av dei er faste klubbar kvar veke eller ein gong i månaden.

Blant dei mest populære tilboda er animeklubben, som dei arrangerer for barn i aldersgruppa 9-12 år og 13-16 år på forskjellige tidspunkt.

### Anime I Clubs



Anime Club in Grófin for 9-12 years old. On Wednesday, once a month at 15:30-17:00. Begins on the 13th of September, 11th of October, 8th of November and 6th of December

Anime Club in Grófin for 13-16 years old. Every Thursday 16:30-18:00. See [facebook](#) event with dates.

#### Our Clubs

- Anime I Club
- The Comics Club
- Cosy Reading I Book Club
- The Extraordinary Story Workshop
- Queer print club

*Skjermdump fra nettsida borgarbokasafn.is*

På det første møtet i klubben kom det heile 60 barn. Biblioteket så fort at med desse samlingane nådde dei ut til mange av dei som ikkje driv med sport og anna typisk organisert fellesaktivitet. Barn og ungdom som elles føler seg utanfor, fleire av dei skeive, trans, fleire med autisme, fant ein stad dei kunne høre til. Det var tydeleg at personalet var glad i denne klubben, og følte at dei verkeleg gjorde ein skilnad med den.

Ofte inkluderer dei ei praktisk oppgåve, for dei har erfart at folk opnar seg og pratar lettare om dei gjer noko med hendene. Det kan vere trykk på t-skjorte, jakkemerke-verkstad eller teikning. Klubben er eit samarbeid med Icelandic Comic Books Society.

Dei arrangerer også ein lesekubb for barn frå 9-12 år. Bibliotekaren vel ut ei bok, og så les barna 1-2 kapittel til kvart møte. Bibliotekaren går gjennom kva som har skjedd i dei siste kapitla i starten av kvart møte, i tilfelle nokon ikkje har klart å lese dei før lesesirkelen. Så pratar dei litt om boka. Dei har også ein aktivitet på kvart møte der dei lager noko, gjerne noko som har med handlinga i boka å gjere. For eksempel, i samband med ei bok der barna brukte lommelykt for å snike seg rundt, lagde dei lommelykter.

På kvart klubbarrangement er det 30 minuttar lesing, deretter 30 minuttar annan aktivitet. Barna må melde seg på lesekubben, og i utgangspunktet har dei plass til 12 barn for å få ei passe stor gruppe.

Tidlegare har dei også hatt ein Harry Potter-klubb som var populær, der dei blant anna hadde husquiz og tryllestav-verkstad, men denne er ikkje i drift lenger. Å drive slike klubber er krevjande, og personalressursane strekte ikkje til.

Klubbene går som regel føre seg rett etter skuletid, barna kan gå rett frå skulen til biblioteket.

Arrangementa på Gerðuberg inkluderer også Extraordinary Story Workshop, som blir arrangert av to eksterne personar, forfattar Eva Rún Þorgeirsdóttir og illustratør Blær Guðmundsdóttir. Biblioteket stiller med lokale og marknadsføring, og den eksterne duoen tar seg av sjølve arrangementa. Dette er for barn 9-12 år som vil lære å skrive og/eller illustrere sine eigne forteljingar.

For å nå ut til barna med informasjon om klubbane bruker dei blant anna plakatar på skulane, men også sosiale medium som Facebook. På Facebook retter dei seg mot foreldra i staden for barna, for barna har gjerne ikkje eigen Facebookbrukar.

Blant samarbeidsprosjekta finn vi også Reykjavik International Film Festival og Childrens Choice Awards. Bibliotektilsette bruker ressursar frå prosjekt som «Den nordiska bokslukaren» frå Nordisk kulturkontakt, som skapar pedagogisk støttemateriell til bildebøker frå alle nordiske land. Dette er gratis og på alle nordiske språk.

## Lestrar hakk – for tenåringane



Oppslag om Lestrar hakk, for tenåringar. Foto: Anne Pihl

kan gå inn og sjå kva arrangement som skjer kor og når.

Lestrar hakk (Lese-hack) tek utgangspunkt i eit program opphavleg retta mot utlendingar som treng å lære islandsk. Gerðuberg bibliotek har vidareutvikla dette til eit prosjekt med tenåringar som målgruppe.

Etter 10 års obligatorisk skulegang avsluttar mange ungdommar i dette nabølaget utdanninga si. Prosjektet fokuserer på å hjelpe ungdom vidare, også dei som ikkje ønskjer meir utdanning. Det kan vere med på å lære dei å forstå tekstar og dokument ein ikkje kjem utanom i kvardagen, t.d. kontraktar og offentlege dokument.

Kurset tek utgangspunkt i ungdommar sine interesser. Dei kan skrive ein sang eller rap-tekstar, lage ein teikneserie, video eller podcast, skrive eit skodespel eller anna dei er interesserte i. Blant leiarar på kurset er det skodespelarar og kunstnarar.

Reykjavíkbiblioteka har eigne tilsette som handterer og koordinerer mange av arrangementa på dei ulike bibliotekavdelingane, slik at andre tilsette slepp mykje av denne jobben. Det finst ein felleskalender for alle avdelingane, der alle

# Hafnarfjörður bibliotek

Referenter: Cathrine og Sigrid

Hafnarfjörður bibliotek ligg i ein kommune like utanfor Reykjavik, og med sine 27 000 innbyggjarar fungerer staden som ein forstad til byen. Hafnarfjörður har ikkje eit eige kulturhus, så den rolla blir fylt av biblioteket. Men dei treng meir plass, og derfor skal dei flytte. Eit nytt bibliotek er planlagt like i nærleiken, men til så lenge er dei plasserte i eit ganske trøngt bygg.

Dei tilsette på biblioteket er opptekne av å få kontakt med dei som ikkje er bibliotekbrukarar. Dei betaler for annonsar på sosiale medium, i tillegg til å hengje opp plakatar for arrangement retta mot unge og eldre. Det er mange innbyggjarar med polsk bakgrunn i nærområdet, og dei kan vere vanskeleg å nå ut til. Dei har derfor laga ein strategi for å få fleire polske innbyggjarar inn i biblioteket: dei har mellom anna flytta dei polske bøkene, slik at dei er meir synlege i lokalet, og inviterer polske kvinner på kaffi midt i biblioteket. Slik vil dei vise at polske innbyggjarar har like sjølvsgagd plass i biblioteket som andre innbyggjarar på Island.

I år var det også mogleg for dei som hadde stemmerett ved det polske valet å stemme på biblioteket, noko som trekte endå fleire til biblioteklokalet.

The screenshot shows the library's website for the event "Poland's Independence Day / Święto Niepodległości". The header includes the date "November 11, 2023" and the title in both English and Polish. Below the title, there's a section for "The Polish job · Children · Families" with a start time of 00:00 and a location "Hafnarfjörður Library". A text block in Polish describes the event as a celebration of national identity and historical events. To the right, there's a logo for "POLSKA STULECIE ODKRYSTWA NIEPODLEGŁOŚCI" with the word "niepodległa" written in red script. A blue bracket on the right side of the page points to this logo area, with the caption "Markering av polsk nasjonaldag på biblioteket. Skjermdump fra bibliotekets hjemmeside." (Marking of Polish National Day at the library. Screen dump from the library's website.)

## Det folk treng

Hafnarfjörður bibliotek har som mål at dei skal tilby det folk treng. Difor finn ein blant anna ein bytte-kledestasjon ved inngangen, og ein kan låne utstyr (mot medlemskap). Alt frå kakeformer, verktøy, symaskiner og soveposar kan lånast på biblioteket. Dei håper etter kvart å kunne tilby hekleboksar til utlån og utstyr til å jobbe med lêr.

Og om nokon treng ein stad å ha ei utstilling, eller ønsker å halde en konsert, prøver biblioteket å hjelpe til med det.



Til utlån. Foto: Anne Pihl

Barn kan leike gjøymeleik og slå hjul inne, og det skal ikkje være stille i bibliotekrommet. I staden for har dei eigne stillesoner for dei som treng det.

Begrepet *safe place* gjekk igjen, alle skal oppleve at dei kan vere seg sjølve i biblioteket. Religion og politikk skal i utgangspunktet ikkje vere eit tema, mens LGBTQ+ bøker blir tydeleg fronta i ungdomsavdelinga.



Byte av klede. Foto: Lene Rauland

Filosofien er at biblioteket skal vere som ei stove. Det du gjer heime i stova di, kan du også gjøre på biblioteket. Det står alltid kaffe framme, slik at folk kan sette seg ned for å lese ei avis eller slå av ein prat.

Biblioteket har eit podcaststudio som dei kallar Rabbryðim, det kan alle bruke, ein bestiller rommet via eit skjema på nettsida.

Friðriksdeild er namnet på musikkavdelinga – den inneheld rundt 2000 eksemplar av bøker, notehefte og partitur. Samlinga er ei av dei største på Island, og mange av eksemplara finst berre der. Namnet på avdelinga kjem frå komponisten Friðrik Bjarnason, som saman med kona Guðlaug Pétursdóttir donerte si private samling i 1958.

## Samarbeid med aktørar i lokalmiljøet

I Hafnarfjörður har innbyggjarane tett tilknyting til nærmiljøet. Dei forventar å finne det same tilbodet der som dei kan finne i bibliotek i Reykjavik. For å møte innbyggjarane sine behov, har fleire aktørar derfor eit godt samarbeid med biblioteket.

Eit samarbeid som biblioteket er spesielt stolt av, er babypakka som småbarnsfamiliar kan hente på biblioteket.



Baby pakke klar til utsending. Foto: Anne Pihl



Biblioteket har fleire instrument som kan brukast i biblioteket. Foto: Anne Pihl

Familiar som nettopp har fått ein baby, får eit kort i posten om at dei kan kome til biblioteket og ta imot ein babypakke. I pakken er det ein bamse, ei bok og litt klede til babyen. Dette er i samarbeid med den lokale trygdeetaten.


Pakken blir laga og levert til biblioteket, kort om henting blir sendt heim til familien, og så kan dei kome til biblioteket og hente pakken. Målet er at dei skal bli kjende med alt biblioteket kan tilby, og at ungane skal begynne å bruke biblioteket frå tidleg alder.

Noko tilsvarende hadde vore fint å få til også i Noreg, men let seg ikkje gjere på same vis. På Island har biblioteka tilgang til fødselsregisteret på ein heilt anna måte enn i Noreg.

Døme på andre samarbeid med lokale aktørar:

- cos play-arrangement med Vikingklubben
- ei lokal IT-bedrift som held kurs i blant anna 3D-printing.
- samarbeid med den islandske varianten av NAV, der unge kan kome og jobbe i biblioteket. Blant arbeidsoppgåvene er desinfisering av overflater i biblioteket og å henge opp plakatar om bibliotekets tilbod.


All aktiviteten ved biblioteket er mykje grunna biblioteklearen Sigrún Guðnadóttir – ho har tillit til dei tilsette og oppmuntrar til utforsking og utprøving av idear. Staben består av skodespelarar, kunstnarar, museumsfolk, antropologar, ein operasongar - i tillegg til bibliotekarane.



The image shows a monthly calendar for November at Bókasafn Hafnarfjarðar. The calendar is titled "Bókasafn Hafnarfjarðar" and "November". It features a decorative header with green leaf-like shapes. The days of the week are labeled Mán, þri, Mið, Fim, Fös, Lau. The dates are numbered 1 through 30. Each day has a title and a small icon. There are also some additional text elements and icons on the right side of the calendar.

	Mán	þri	Mið	Fim	Fös	Lau
4. nóv	13:00 Fjölskyldustund - Prinsessur föndra teygjulist og við lesum sögum á mör gum tungumálum!		1	2	3	4 Fjölskyldu stund Prinsessur og ævintýri
6. nóv	10:00 Plánetustund - Skynjunarleikstund					
7.-28. nóv	16:30 Aðdragandinn - Fjórir þriðjudagar, sex 17:00 höfundar! Við hitum upp fyrir Kynstrin öll 17:00 og hendum okkur snemma í jólabóka- 17:00 flóðið í ár! Nýtt verk í hverri viku!	Upplýsingar um klúbba og reglugubðna dagskrá má finna á heimasiðu sunnins. Bírt með fyrirvara um breytingar	7 Nanna Rögnvaldardóttir Valskan	8 Ritgerðaðstöð	9	11 Pólski Dagurinn
11. nóv	12:00 Pólski dagurinn - Við fognum sjálfstæði Pólland sem óður í samstarfi við Pólska Sendiráðið. Allir velkomnir!	Plánetu stund	13 RAG	14 Eiríkur Nordahl Náttúru logmálín	15 Framför Samastaður í tilverunni	17 Smiðja Allir geta samið ljóð! Anna Invites
15. nóv	19:30 Framför - Elsta lestrafélag landsins, alltaf á sínum stað.		18 Foreldramorgunn	21 Hafnfísk skáld Ljóðakvöld	22 Ritgerðaðstöð	24 The Meetups
18. nóv	13:00 Ljóðasmíðja - Eyrún Ósk, skáld og listakona, leiðis smíðju fyrir upprennandi ljóskáld og skúffuskáld margskonar í þessari smíðju sem sannarlega fær alla til að semja!		27 INN	28 Ingi Markúss. Svikabirta	29 Ritgerðaðstöð	
20. nóv	10:00 Foreldramorgunn - Jóna Valborg foreldra.					

Programmet for november. Bilde fra facebooksiden Bókasafn Hafnarfjarðar



vestlandfylke.no